



Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Ålesund

Dato: 15.6.18

Tid: 08.30-14.00

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Forde Helland	Skodje
Bjørn Skulstad	Ålesund
Kim A. Breivik	Sandøy
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog
Kjell Sindre Johansen	Haram

Saksliste:

1. Synfaring i Ålesund kommune sine bygg for vatn og avløp
2. Endring av prosjektorganisasjonen i samband med gjennomføringsfase 2
3. Oppstartsmøte med sjølvkostkonsulent EnviDan Momentum AS

Referat:

1. Synfaring

Møtet starta med synfaring ved Ålesund kommune sitt sentrallager i Borgundfjordvegen 100. Dette ligg svært sentralt plassert omlag midt i dagens Ålesund kommune, og nært hovudtyngda av den infrastrukturen som skal driftast. Det var også tid til ei lita synfaring på avløpsteamets lokaliteter i kjellaren på RA4.

2. Endring av delprosjektet som følge av overgang til gjennomføringsfase 2.

Innafor A9 må vi gjere nokre tilpassingar av vårt mandat opp mot ny mal for mandat. Mesteparten er likt, men særleg framdrift og prioritering må endrast. Det var drøfta korleis vi skal forholde oss til

deltaking i ulike grupper framover. Dei fleste av dagens medlemmar i A9 VAR vil vere del av styringsgruppe for tekniske tenester, medan fleire også deltek i delprosjekt utafor det som vert tekniske tenester. Alle må no ta ein gjennomgang i forhold til deltaking i faggrupper, ressursbruk i reformarbeidet, oppgåver i eigen organisasjonen, med mål om å finne naudsynt balanse for å frigjere mest muleg kapasitet for å tilfredstille både dagens kommunar og ny kommune sine behov. Den mest krevjande fasen i reformarbeidet ligg framleis framom oss. Det er også kritisk viktig at alt som ikkje må gjerast i eigen kommune før 2020, vert lagt vekk.

Arbeidet med avklaring av framtid for IKS/KF er viktig for det vidare reformarbeidet, og særleg dei delane av vår verksemd som samhandlar med desse.

I forhold til ny mandatmal sine føringar kring lokalisering, har A9 gjort storparten av arbeidet som krevst for å kome med innspel om kor våre tenester skal vere lokalisert.

Felles for alle bygga i dei fem kommunane som tener som kontor/lager for tekniske tenester, vatn, avløp etc. i dag, kan ein seie at dei er gamle, slitne av bruk og elde, samt at dei i stor grad ikkje tilfredsstiller dagens lagringsbehov og fasilitetar for dei tilsette som t.d. garderobe, kontor, pauserom. For vatn og avlaupsverksemdene som i dag er lokalisert i Ålesund rådhus ser ein store synergjar med å samlokalisere utførande og plan/administrasjon i Spjelkavika. For å kunne dra ut store synergjar i den nye kommune bør også verksemd for veg/anlegg/park samlokalisert med vatn/avløp.

Vi ser at vårt arbeide kan forbeistrast/effektiviserast med at vi sett opp mindre arbeidsgrupper for einskilde oppgåver. Til nytt mandat sitt punkt 1 er det for A9 aktuelt å leige inn bistand frå td. Norsk Vann. Mange av desse punkta vert teke med til møte i styringsgruppa for tekniske tenester den 20.juni.

3. Opstartsmøte med Odd Kjetil Krekvik og Espen Starheim frå EnviDan Momentum.

EnviDan Momentum har fått kontrakt på utføring av alle naudsynte tenester innafor sjølvkost i bygging av nye Ålesund. Innkjøpssjefen signerer på vegne av dei 5 kommunane, og utgiftene vert fordelt som tidlegare avklart.

Det var orientert om korleis vårt reformprosjekt er organisert, framdrift og det var drøfta kva samarbeidsform vi skal ha, kontaktpunkt etc. Inntil anna er avtalt skal konsulenten sine spørsmål, behov for data/opplysningar etc. rettast til Kim A. Breivik som koordinerer internt i prosjektorganisasjonen.

Det vart avtalt opstartsmøte for deira arbeid den 23.august i Ørskog Rådhus, møterom Lauparen, frå 10-16. Til dette møtet må alle sjølvkosttenester vere representert, men det er truleg hensiktsmessig å dele opp dagen slik at VAF er tidleg på dag, og RBO seinare på dag. EnviDan vil sende oss opplegg for dagen, og kven dei treng å møte. Delprosjekt for økonomi må også vere representert. Vi må snarast får avklart/igangsett faggrupper for Regulering og Byggesak, slik at dei kan veremed i møtet. For Oppmåling (eigarseksjonering) vert representant frå delprosjekt A8 Matrikkel invitert.

Det er elles slik i vårt reformarbeid (som dei fleste andre) at det ar avsett knapt med interne ressursar, slik at konsulententent må ta mest muleg av arbeidet, og vi bidreg i hovudsak med data og avklaringar.

Generelt er det slik at dei fleste sjølvkostbudsjetta er angitt med for høge ambisjonar om kor mange prosjekt vi klarer å gjennomføre. Alle kommunane må i samband med budsjett for 2019 ta ein grundig gjennomgang for å avstemme planane med kva som er realistisk å gjennomføre, for å unngå å krevje inn for høge gebyr i 2019.

Negative fond må vere innekt før 2020, elles må kommunekassa dekke inn negative fond. Dette vil ein ikkje ha svar på før feb / mars 2020. Det er som tidlegare avklart ikkje muleg å nulle alle fond før 2020, men alle må i sitt budsjettarbeid for 2020 etterstrebe å komme så nært null som muleg.

Etter møtet i august vil vi avklare korleis vi skal gjennomføre dialog med fellesnemnda. Ny forskrift vil medføre prinsipielle endringar for nokre kommunar, og vi må syte for god informasjon, forankring og dialog omkring nye forskrifter.

Forskrift om samanslåing sin §3 angjev at det er kommunestyret som fastsett nye forskrifter:

§ 3. Vedtekter og forskrifter som er gjeldende i Haram kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune og Ålesund kommune skal fortsatt gjelde for vedkommende områder inntil nye lokale vedtekter og forskrifter er fastsatt av kommunestyret. Frist for fastsetting av nye vedtekter og forskrifter er 1. januar 2021.

Ut frå EnviDan si erfaring med reformarbeid, er det snakk om det nye kommunestyret, og at forskriftene då ikkje kan fastsett før kommunestyret er konstituert. Vi er avhengig av å budsjettere 2020 etter ny forskrift, og må dermed gå ut frå at fellesnemnda kan gjere eitt interimvedtak slik at vi har noko å styre budsjettarbeidet ut frå. Dette gjeld for så vidt alle budsjettområda, og avheng om når det nye kommunestyret vert konstituert. Vi veit at vårt budsjettarbeid uansett må starte lenge før kommunevalet og at fellesnemnda må gjere dei naudsynte vedtak for å realisere ny kommune.

Avtalen med EnviDan er i form av ein rammeavtale - vi ynskjer levert det som er lista opp utan eigne avrop for kvar del, men unntak av opsjonar.

Det var drøfta kven som har mynde til å leggje nye forskrifter ut til høyring, vi antek at dette er AU, men Kim avklarar med prosjektleiar.

Når EnivDan har sendt over kva dei treng til møtet 23.august, og kven dei treng å møte vert dette vidare sendt til alle relevante deltakarar/bidragstatarar.

Ut frå føreståande endring av prosjektorganiseringa er det ikkje avtalt nytt møte i A9, dette vil bli tema på styringsgruppemøte 20.juni.

Harøy 18.6.2018

Kim A. Breivik
ref.